



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Onarheim, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 22.11.2016
Tidspunkt: 10:00 – 11:40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Lars Enes var innkalla som varamedlem, men kunne ikkje møta likevel	Patrick Russel Madsen	KRF

Merknader**Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Maja Finnes Sollid	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Rolf Johan Lunde	Økonomisjef – orienterte om budsjett 2017 og økonomiplan
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalsssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 47/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 48/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 49/16	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020		2015/196
PS 50/16	Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020		2015/197
PS 51/16	Referatsaker		
RS 18/16	Rapport frå tilsyn med Tysnes kommune vedr. helse- og sosiale tenester til personar 18 år og eldre med rus og psykisk lidning		2016/70
RS 19/16	Vedtak i kommunestyret vedr. sekretariatstenester for kontrollutvalet 2017 - 2022		2015/34
RS 20/16	Vedtak i kommunestyret vedr. vidareføring av tenestene i Business Region Bergen		2015/197
RS 21/16	Rekneskapsrapport for kontroll og tilsyn pr. 10.11.16		2016/45
PS 52/16	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 53/16	Eventuelt		

PS 47/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 48/16 Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 25.09.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 29.09.16 vart samrøystes godkjent.

PS 49/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

Forslag til innstilling

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016

Handsaming i møtet:

Maja Finnes Sollid frå Deloitte presenterte plan for forvaltningsrevisjon slik den nå ligg føre. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i planen. Det kom forslag til endringar av dei prioriterte prosjekta og det vart vedteke å endra rekkefølgen. Deloitte vil legga desse endringane inn i planen og senda over korrigert versjon, som då vert den som skal leggast fram for kommunestyret. Med denne endringa i plan for forvaltningsrevisjon vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

PS 50/16 Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

Forslag til innstilling

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at det i kommunen vert vidareført å innarbeida standard etterhald om kontroll. Dette gjeld der det av kommunale midlar vert ytt tilskot til verksemd som ikkje er underlagt kommunal kontroll, eller der kommunen går inn på eigarsida i selskap som ikkje er underlagt kommunal kontroll. I slike saker skal det takast etterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningsane ein finn påkravd for sin kontroll.
3. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
4. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
5. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.
6. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
7. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016

Handsaming i møtet:

Maja Finnes Sollid frå Deloitte presenterte plan for selskapskontroll slik den nå ligg føre, med dei prioriteringar som kontrollutvalet har gjort. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i planen. Det kom ingen forslag til endringar av prioriterte prosjekt. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at det i kommunen vert vidareført å innarbeida standard etterhald om kontroll. Dette gjeld der det av kommunale midlar vert ytt tilskot til verksemd som ikkje er underlagt kommunal kontroll, eller der kommunen går inn på eigarsida i selskap som ikkje er underlagt kommunal kontroll. I slike saker skal det takast etterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningsane ein finn påkravd for sin kontroll.
3. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
4. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
5. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.
6. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
7. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

PS 51/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjennomgjekk referatsakene. Økonomisjef Rolf Johan Lunde kom i møtet og orienterte om arbeid med budsjett for 2017 og økonomiplan. Referatsakene og orienteringa vart samrøystes teke til orientering.

Vedtak:

Referatsakene og orientering om arbeid med budsjett for 2017 og økonomiplan vert teke til orientering.

PS 52/16 Gjennomgang av møteprotokollar**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016**Handsaming i møtet:**

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått. Det vart drøfta at når ein skal henta ut møteprotokoll etter møter i kommunestyret og utvala, så er kun protokoll for kvar einskild sak tilgjengeleg. Samla protokoll er ikkje tilgjengeleg på nettet. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 53/16 Eventuelt**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.11.2016****Handsaming i møtet:**

Dato for første møte i 2017 vart drøfta. Det vart samrøystes vedteke å setja opp onsdag 08.02.17 som møtedato. På dette møtet skal det setjast opp vidare møteplan for 2017.

Vedtak:

Første møte i kontrollutvalet i 2017 vert onsdag 08.02.2017.